



**FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL**

# **HØYRINGS-DOKUMENT**

---



## **GRENSEENDRING**

# **DJUPVIKVATNET-KRINGLEVATNET NATURRESERVAT, SULA KOMMUNE**

**Høyringsfrist 30.04.2016**

## INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre ei mindre grenseendring i Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat i Sula kommune. Endringa medfører ein reduksjon av arealet på ca. 2,1 daa. I samband med dette vert verneforskrifta for naturreservatet tilpassa til det nye arealet, og eigedomsopplistinga vert oppdatert. Samtidig blir grensene for det nærliggande dyrelivsfredingsområdet endra for å tilpassast endringane i reservatet. Endringa medfører ein reduksjon av arealet av dette området på ca. 55,9 daa.

## BAKGRUNN FOR ENDRINGA

Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat vart verna 27.05.1988 med følgjande formålsparagraf i verneforskrifta:

*«Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv».*

Naturreservatet dekker eit areal på ca. 520 daa med småkupert og dels myrlendt terreng med 10 vatn og tjern som stort sett dekker spekteret frå næringsfattige til næringsrike ferskvatn. I tilknytning til naturreservatet er det eit område med dyrelivsfreding. Dette medfører ikkje noko arealvern, med ei freding av dyrelivet med forbod mot jakt og anna skade av dyrelivet.

I ettertid har ein oppdaga at naturreservatet omfattar delar av fleire bustadtomter og vegar. Dette er ein feil som vil bli retta opp no. På same vis omfattar dyrelivsfredingsområdet eit bustadområde og ein idrettsplass, og desse areala vert foreslått teke ut av området.

## ENDRINGSFRAMLEGGET

Fylkesmannen har utarbeidd eit framlegg til grenseendring der ein tek ut ca. 6,2 daa fastmark og utvidar våtmarksområdet i naturreservatet med ca. 4,1 daa. Arealet vert etter dette ca. 518 daa. Vi har vist gammal og ny grense på kart.

Forslag til utviding: Vi vil foreslå at naturreservatet blir utvida til å omfatte ein større del av våtmarksområdet på sørsida av Rotevatnet og nordsida av Storevatnet.

Forslag til innsnevring: Vi foreslår at delar av ein veg og eit bustadfelt blir ekskludert frå naturreservatet.

I tillegg foreslår vi at det blir gjennomført små justeringar slik at grensa skal følgje eigedomsgrensene rundt reservatet. Det dreier seg om marginale avvik og skuldast bruk av grove, manuelt oppteikna kart i kgl.res. Kart 1 viser ny (grøn) og gammal (blå) grense for naturreservatet.

Vi foreslår samtidig ei endring i grensene for det nærliggande dyrelivsfredingsområdet. Her er det ein fotballbane og ein del av eit bustadfelt som samla utgjer 55,9 daa av dyrelivsfredingsområdet. Elles blir området med dyrelivsfreding marginalt innsnevra for at grensa skal samanfalle med ny grense for naturreservatet. Kart 2 viser ny (gul) og gammal (blå) grense for dyrelivsfredingsområdet og på kart 3 er dei nye grensene for både naturreservatet (grøn) og dyrelivsfredingsområdet (svart) samanstilte.

Etter endringa og oppdatering av eigedomsoversiktene, vil naturreservatet omfatte delar av følgjande gards- og bruksnummer, jf. forskrifta pkt. II:

79/1, 2, 26, 59, 60, 63, 66, 72, 74; 80/1, 14, 26; 81/1, 15; 82/1; 83/1; 84/1; 85/1, 2, 3, 4, 16; 87/1, 3, 4, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23, 24, 43, 55, 72, 82; 88/3.

Vi har vist både den gamle og den nye eigdomslista på side 5. Den gamle er gjennomstreka.

Vi har vurdert grenseendringa etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. også § 7.


Etter § 8 om kunnskapsgrunnlaget er det ingen truga eller raudlista artar eller naturtypar i områda som vert teke ut av naturreservatet. Området utgjer leve- og hekkeområde for ulike raudlisteartar som m.a. dvergdykkar. Områda som blir tatt ut av naturreservatet er areal med veg og bustadfelt som uansett ikkje eignar seg som hekke- og leveområde for bestandane. Område med våtmarksområde aukar med ca. 4,1 daa, noko som er positivt for m.a. dvergdykkaren.

Ut frå prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i § 10, vil det vere viktig å få ein så god skjøtsel av restarealet at ein oppnår ei robust forvaltning av verneverdiane.


Føre-var-prinsippet (§ 9), kostnader ved miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar (§ 12) kjem ikkje til bruk i denne saka.

### **HØYRING OG MERKNADSRIST**


Framlegget ligg ute til offentleg ettersyn på Sula Rådhus, i tida 16.03 – 30.04.2016. Eventuelle merknader skal sendast innan 30. april 2016 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde eventuelt på e-post til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no).



Kart 1 viser ny og gammel grense for Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat



Kart 2 viser ny og gammel grense for dyrelivsfredingsområdet



**Kart 3 viser ny grense for naturreservat og dyrelivsfredingsområde**

# Framlegg til ny forskrift om vern av Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat, Sula kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrift xx.xx 2016 nr. yyy, heile forskrifta kunngjort.

## I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde i Djupvikvatnet-Kringlevatnet i Sula kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat.

## II

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

79/1, 2, 26, 59, 60, 63, 66, 72, 74; 80/1, 14, 26; 81/1, 15; 82/1; 83/1; 84/1; 85/1, 2, 3, 4, 16; 87/1, 3, 4, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23, 24, 43, 55, 72, 82; 88/3.

~~74/1, 2, 3, 4, 5, 10, 11, 44, 91; 75/1, 2, 4, 6, 10, 15, 23, 35, 46; 77/3; 78/1, 2; 79/1, 2, 16; 80/1, 8; 86/1, 2, 3; 87/1, 2, 3, 4, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 72; 88/3.~~

Reservatet dekkjer eit areal på ca 520-518 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:6.000. Kartet og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Sula kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal oppmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

## III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

## IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf. likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.  
Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske

plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Bruk av seglbrett er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

I tida frå og med 1. april til og med 31. september er all ferdsel i Djupviklitlevatnet med sivsoner, forbode.

5. For området med dyrelivsfreding gjeld følgjande forskrift, jf. V 8 og VI 1:

Alle fugle- og pattedyrartar, også fuglereir, egg og ungar, er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag.

## V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak for sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsføremål.
2. Beiting, slått og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og sopp.
6. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
7. Motorferdsel til bruk i næringsmål.
8. Jakt på hjortedyr og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.
9. Vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar.

## VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapt faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket, fjerning av giftplantar.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Hogst av ved til eige bruk, uttak av hogstmoden skog.
6. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

## **VII**

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtelsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## **VIII**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

## **IX**

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## **X**

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks.



<b>Gnr</b>	<b>Bnr</b>	<b>Fnamn</b>	<b>Enamn</b>	<b>Adresse</b>	<b>Postnr</b>	<b>Poststad</b>
79	1	Ole Petter og Liv Heidi	Brathaug	Røvastien 23	6035	FISKARSTRAND
79	1	Jorunn Randi	Brathaug	Sloghaugvegen 46 D	6030	LANGEVÅG
79	1	Laila Perdy	Hauknes	Dalvegen 7	6035	FISKARSTRAND
79	2	Alfhild	Fiskergård	Sloghaugvegen 28	6030	FOSNAVÅG
79	26	Sula kommune		Postboks 280	6039	LANGEVÅG
79	59	Håvard og Perly	Lagesen	Skjervane 94	6035	FISKARSTRAND
79	60	Janne Kalevi	Määttä	Skjervane 92	6035	FISKARSTRAND
79	60	Beate	Dybvik	Skjervane 92	6035	FISKARSTRAND
79	63	Gertrud og Lars Kjetil	Indreeide	Skjervane 107	6035	FISKARSTRAND
79	66	Helene Jørgine	Flusund	Bendalsvegen 2 D	6035	FISKARSTRAND
79	66	Jim Arve	Flusund	Gamle Myklebustveg 9	6035	FISKARSTRAND
79	72	Lars Rune	Bolstad	Skjervane 100	6035	FISKARSTRAND
79	72	Marianne Rypdal	Drabløs	Skjervane 100	6035	FISKARSTRAND
79	74	Per Asle	Fiskerstrand	Skjervane 42	6035	FISKARSTRAND
80	1	Lars Asbjørn	Fiskerstrand	Bynilsvegen 2	6035	FISKARSTRAND
80	14	Olav Linge	Fiskerstrand	Skjervane 90	6035	FISKARSTRAND
80	14	Siv Kristin	Urke	Skjervane 90	6035	FISKARSTRAND
80	26	Siv Kristin	Urke	Skjervane 90	6035	FISKARSTRAND
80	26	Olav Linge	Fiskerstrand	Skjervane 90	6035	FISKARSTRAND
81	1	Egil	Fiskerstrand	Skjervane 90	6035	FISKARSTRAND
81	15	Ståle	Fiskerstrand	Skjervane 95	6035	FISKARSTRAND
82	1	John Anton	Dybvik	Rabbevegen 8	6035	FISKARSTRAND
82	1	Arvid Oddvar	Dybvik	Rasmusvegen 7	6035	FISKARSTRAND
			V/Jakob Olav			
84	1	Judith Palma	Måseide	Vågstunet 19	6036	MAUSEIDVÅG
84	1	Nils Oddvar	Fiskerstrand	Åregjerdet	6018	ÅLESUND
84	1	Oddbjørg	Gudmundset	Skåthaugkleiva 27	6018	ÅLESUND
84	1	Tore	Fiskerstrand	Flisnesvegen 78	6018	ÅLESUND
84	1	Bjørn	Fiskerstrand	Bakketunvegen 3	6035	FISKARSTRAND
84	1	Hilde K	Fiskerstrand	Øvre Skytterholmen 72	6020	ÅLESUND
84	1	Johnny Asbjørn	Remø	Grøthaugen 44	6037	EIDSNES
85	1	Svein Ernst	Remø	Fiskarstrandvegen 161	6035	FISKARSTRAND
85	1	Asgeir Magne	Remø	Kvernevikstemma 12	5114	TERTNES
85	4	Arnchild Lina	Fiskerstrand	Fiskarstrandvegen 161	6035	FISKARSTRAND
85	16	Sula kommune		Pb 280	6039	LANGEVÅG
87	1	Marit Vartdal	Dybvik		6035	FISKARSTRAND
87	1	Johan	Dybvik	Fiskarstrandvegen 229	6035	FISKARSTRAND
87	3	Cathinka Brathaug	Dybvik	Wolffs gt. 16	5006	BERGEN
87	4	Sigurd Edvin	Dybvik	Tingstadhaugen 3	6035	FISKARSTRAND
87	4	Alf Karl	Dybvik	Fiskarstrandvegen 258	6035	FISKARSTRAND
87	4	Hallgeir Odd	Dybvik	Tingstadhaugen 14	6035	FISKARSTRAND
87	4	Kari Anne	Hauge	Tingstadhaugen 10	6035	FISKARSTRAND
87	5	Asbjørn	Erdal	Fiskarstrandvegen 215	6035	FISKARSTRAND
87	7	Asbjørn	Nyhaug	Kalkvegen	6035	FISKARSTRAND

87	8	Sigurd	Fiskerstrand	Hammaren 11	6035	FISKARSTRAND
87	9	Odd Sverre Marius	Dybvik	Eliasgarden 23	6035	FISKARSTRAND
87	10	Solveig Giske	Ytrebø	Fiskarstrandvegen 259	6035	FISKARSTRAND
87	11	Sula kommune		Pb 280	6039	LANGEVÅG
87	12	Liv Judith	Dybvik	Eliasgarden 14	6035	FISKARSTRAND
87	14	Svein Jarle	Fiskerstrand	Fiskarstrandvegen 205	6035	FISKARSTRAND
87	20	Aud Ingrid	Gjethammer	Berngarden 1	6030	LANGEVÅG
87	22	Odd Sverre Marius	Dybvik	Eliasgarden 23	6035	FISKARSTRAND
87	23	Odd Sverre Marius	Dybvik	Eliasgarden 23	6035	FISKARSTRAND
87	24	Sula Kommune		Pb 280	6039	LANGEVÅG
87	43	Ronny	Valseth	Fiskarstrandvegen 275	6035	FISKARSTRAND
87	55	Margit Jorunn	Wisth	Fiskarstrandvegen 287	6035	FISKARSTRAND
87	72	Per Oddvar	Dybvik	Tingstadhaugen 13	6035	FISKARSTRAND
87	72	Grethe Jensine	Lervåg	Leirvågdaalen 70	6035	FISKARSTRAND
87	72	Marion	Reite	Stadsnesvegen 45	6030	LANGEVÅG
87	72	Karl Even	Dybvik	Fiskarstrandvegen 242	6035	FISKARSTRAND
87	72	Åsmund Olav	Fiskerstrand	Rabbevegen 29	6035	FISKARSTRAND
87	82	Dødsbo v/Anne Erstad		Fyllingvegen 104	6030	LANGEVÅG
			Fjærestad-			
88	3	Lise	Vedde	Prost Christies vei 20B	1632	HOSLE
88	3	Hans Rasmus	Vedde	Garderbakken 38	1900	FETSUND